



FestidaGen har mange kjekke aktivitetar. Her frå Rocke-troll-gruppa i 2015.

Det er framleis ledige plasser på nokre av aktivitetane under FestidaGen. Påmeldingsfristen er førstkommande onsdag, 20. juli, og det er ledig på Rocketroll, Bygg sjølv, Hip hop, Design av spel, Restauranten, Nysirkus og Småstjerner. Meir info og påmeldingsskjema finn de på [Festidalen si heimeside her](#).

Som vanleg er det FestidaGen-showet laurdag som avsluttar FestidaGen. I år skal Piero i Absence crew leia showet. Der vil det verta framføringar av ulike grupper som vil visa kva dei har lært sidan torsdagen. Også i år er det småstjerner, der barn frå 0-12 år opptrer med musikk og song. Showet vert i år avslutta med akrobatiske krumspring og smittande energi, når dei seks dansarane frå Absence crew inntar scenen.

FestidaGen-komitèen ønskjer velkommen til showet, og lovar at vi kan glede oss til det!

Hugs at påmeldingsfristen er allereie førstkommande onsdag!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Festidalen